

# Eksamen

21.05.2021

NOR1211-NOR1231

Norsk hovudmål/hovedmål

NOR1218-NOR1238 Norsk for elever med  
samisk, kvensk eller finsk som andrespråk



Sjå eksamenstips på baksida!  
Se eksamenstips på baksiden!

## Nynorsk

Eksamensinformasjon	
<b>Tid</b>	Eksamen varer i 5 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå opent Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon. For norsk, samisk, finsk som andrespråk og framandspråka er heller ikkje omsetjingsprogram tillatne.  Når du bruker nettbaserte hjelpemiddel under eksamen, har du ikkje lov til å kommunisere med andre. Samskriving, chat og andre måtar å utveksle informasjon med andre på er ikkje tillatne.
<b>Bruk av kjelder</b>	Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.  Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrifter eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.
<b>Vedlegg</b>	Djupvik, Laura. «Smartie». <i>No fær huset</i> . Oslo: Samlaget, 2020. Joof, Camara Lundestad. <i>Eg snakkar om det heile tida</i> . Oslo: Samlaget, 2018. Utdrag. Marainen, Thomas. «det främmande språket». Frå antologien <i>Viidát: divttat Sámis / Vidd: dikter från Sápmi</i> . Podium forlag, 2006. Moe, Jørgen. «Det lysnet i skogen». <i>Digte</i> . 1850. Språkleg modernisert. Mykle, Agnar. <i>Sangen om den røde rubin</i> . Oslo: Gyldendal, 1956. Utdrag. Obstfelder, Sigbjørn. «Byen». <i>Dikt i samling – prosa i utvalg</i> . Oslo: Gyldendal, 1993. Språkleg modernisert. Salinas, Verónica. <i>Og</i> . Oslo: Cappelen Damm, 2016. Utdrag. Uri, Helene. «Vi sitter fast i et hierarki der menn rangeres høyere enn kvinner. Pass på ordene dine!» <i>Aftenposten</i> 08.03.2020 <a href="http://www.aftenposten.no/meninger/kronikk/i/b52ORI/vi-sitter-fast-i-et-hierarki-der-menn-rangeres-hoeyere-enn-kvinner-pa">www.aftenposten.no/meninger/kronikk/i/b52ORI/vi-sitter-fast-i-et-hierarki-der-menn-rangeres-hoeyere-enn-kvinner-pa</a> Nedlastingsdato 20.11.2020. Vannebo, Kjell Ivar. «Språk er makt», <i>Språknytt</i> 3–4 2004 <a href="https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/2004/Spraaknytt_2004_3_4/Leder/">https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/2004/Spraaknytt_2004_3_4/Leder/</a> Nedlastingsdato 20.11.2020. Til nynorsk ved Utdanningsdirektoratet. Vinje, Aasmund Olavsson. «Nasjonalitet». <i>Dølen</i> 1860. <a href="http://www.facebook.com/vinjepoet/posts/138735979635197">www.facebook.com/vinjepoet/posts/138735979635197</a> Nedlastingsdato 20.01.2021. Språkleg modernisert. Wergeland, Henrik. «Vi ere en nasjon vi med». 1841. Utdrag, språkleg modernisert. <a href="http://ndla.no/nb/subject:19/topic:1:186579/topic:1:176287/resource:1:24927?filters=urn:filter:8bbcfdbc-2edc-4fc0-b8a4-f342514b9f20">ndla.no/nb/subject:19/topic:1:186579/topic:1:176287/resource:1:24927?filters=urn:filter:8bbcfdbc-2edc-4fc0-b8a4-f342514b9f20</a> Nedlastingsdato 20.01.2021.
<b>Informasjon om oppgåva</b>	Du skal svare på oppgåva i del A. I del B er det fire oppgåver, og du skal svare på éi av dei. Bruk linjeavstand 1,5 og skriftstorleik 12.
<b>Informasjon om vurderinga</b>	Sjå eksamensrettleiinga med kjenneteikn på måloppnåing til sentralt gitt skriftleg eksamen. Eksamensrettleiinga finn du på Utdanningsdirektoratets nettsider.

## Nynorsk

Du skal svare på oppgåva i del A og på éi av oppgåvene i del B. Legg merke til at det står ein kommentar under kvar oppgåveinstruks. Kommentaren er til hjelp for å løyse oppgåva.

### Del A Kortsvarsoppgåve

Svaret bør ikkje vere på meir enn cirka 250 ord.

Vedlegg:

- *Sangen om den røde rubin* av Agnar Mykle, 1956, utdrag

Hovudpersonen i romanen *Sangen om den røde rubin* heiter Ask Burlefot. I dette utdraget møter vi Ask og ei ung kvinne ei natt i ein park.

Gjer greie for korleis ulike verkemiddel blir brukte for å skildre korleis Ask har det.

Kommentar: I svaret ditt skal du vise til konkrete døme frå teksten og bruke relevant fagspråk.

### Del B Langsvarsoppgåver

Skriv nummeret på den oppgåva du vel, og lag overskrift sjølv.

#### Oppgåve 1

Vedlegg:

- «Det lysnet i skogen» av Jørgen Moe, 1850
- «Byen» av Sigbjørn Obstfelder, prosadikt fra 1893

Samanlikn dei to vedlagde tekstane, og set dei inn i ein kulturhistorisk samanheng.

Kommentar: Du skal skrive om både form og innhald og vise kunnskap om tida dei er skrivne i. Bruk døme frå tekstane når du skriv.

*Oppgåve 2, 3 og 4 står på neste side.*

## Oppgåve 2

Vedlegg:

- «Språk og makt» av Kjell Ivar Vannebo, utdrag frå leiar i *Språknytt* 3–4/2004
- «Vi sitter fast i et hierarki der menn rangeres høyere enn kvinner. Pass på ordene dine!» av Helene Uri, kronikk i *Aftenposten* 8. mars 2020
- «det främmande språket» av Thomas Marainen, frå den tospråklege antologien *Viidát: divttat Sámis / Vidd: dikter frå Sápmi*, 2006
- *Og* av Verónica Salinas, 2016, utdrag

Dei vedlagde tekstane viser at måten språk blir brukt på, kan gi makt, men det kan òg føre til maktesløyse.

Ta utgangspunkt i teksten av Kjell Ivar Vannebo, og skriv ein resonnerande tekst der du reflekterer over samanhengen mellom språk og makt. Bruk døme frå minst to av dei andre vedlegga.

Kommentar: Det skal komme tydeleg fram av svaret ditt at du bruker dei vedlagde tekstane, men du kan velje kva du vil leggje mest vekt på. Du skal bruke relevant kunnskap og vise evne til refleksjon.

## Oppgåve 3

Vedlegg:

- «Vi ere en nasjon vi med» av Henrik Wergeland, 1841, utdrag
- «Nasjonalitet» av Aasmund Olavsson Vinje, 1860
- *Eg snakkar om det heile tida* av Camara Lundestad Joof, 2018, utdrag

Dei vedlagde tekstane uttrykkjer ulike sider ved nasjonalitet og tilhørrelse. Skriv ein kreativ tekst der du utforskar denne tematikken.

Kommentar: Oppgåva opnar for ulike løysingar. Det skal komme fram at du har brukt tekstvedlegga, men du kan bruke dei på ulike måtar i svaret ditt. Du kan vise kreativitet gjennom dei innfallsvinklane du vel, og måten du bruker språket på.

## Oppgåve 4

Vedlegg:

- «Smartie» av Laura Djupvik, 2020

Tolk novella.

Kommentar: Du skal skrive om både form og innhald i novella. Du skal bruke relevant fagspråk og konkrete døme frå teksten.

## Bokmål

Eksamensinformasjon	
<b>Tid</b>	Eksamen varer i 5 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra åpent Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon. For norsk, samisk, finsk som andrespråk og fremmedspråkene er heller ikke oversettelsesprogrammer tillatt.  Når du bruker nettbaserte hjelpemidler under eksamen, har du ikke lov til å kommunisere med andre. Samskriving, chat og andre måter å utveksle informasjon med andre på er ikke tillatt.
<b>Bruk av kilder</b>	Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal de alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.  Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrifter eller sitater fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.
<b>Vedlegg</b>	Djupvik, Laura. «Smartie». <i>No fær huset</i> . Oslo: Samlaget, 2020. Joof, Camara Lundestad. <i>Eg snakkar om det heile tida</i> . Oslo: Samlaget, 2018 Utdrag. Marainen, Thomas. «det främmande språket». Fra antologien <i>Viidát: divttat Sámis / Vid: dikter från Sápmi</i> . Podium forlag, 2006 Moe, Jørgen. «Det lysnet i skogen». <i>Digte</i> . 1850. Språklig modernisert. Mykle, Agnar. <i>Sangen om den røde rubin</i> . Oslo: Gyldendal, 1956. Utdrag. Obstfelder, Sigbjørn. «Byen». <i>Dikt i samling – prosa i utvalg</i> . Oslo: Gyldendal, 1993. Språklig modernisert. Salinas, Verónica. <i>Og</i> . Oslo: Cappelen Damm, 2016. Utdrag. Uri, Helene. «Vi sitter fast i et hierarki der menn rangeres høyere enn kvinner. Pass på ordene dine!» <i>Aftenposten</i> 08.03.2020 <a href="http://www.aftenposten.no/meninger/kronikk/i/b52ORl/vi-sitter-fast-i-et-hierarki-der-menn-rangeres-hoeyere-enn-kvinner-pa">www.aftenposten.no/meninger/kronikk/i/b52ORl/vi-sitter-fast-i-et-hierarki-der-menn-rangeres-hoeyere-enn-kvinner-pa</a> Nedlastingsdato 20.11.2020. Vannebo, Kjell Ivar. «Språk er makt», <i>Språknytt</i> 3–4/2004 <a href="http://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/2004/Spraaknytt_2004_3_4/Leder/">www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/2004/Spraaknytt_2004_3_4/Leder/</a> Nedlastingsdato 20.11.2020. Til nynorsk ved Utdanningsdirektoratet. Vinje, Aasmund Olavsson. «Nasjonalitet». <i>Dølen</i> , 1860. <a href="https://www.facebook.com/vinjepoet/posts/138735979635197">www.facebook.com/vinjepoet/posts/138735979635197</a> Nedlastingsdato 20.01.2021. Språklig modernisert. Wergeland, Henrik. «Vi ere en nasjon vi med». 1841. Utdrag, språklig modernisert. <a href="https://ndla.no/nb/subject:19/topic:1:186579/topic:1:176287/resource:1:24927?filters=urn:filter:8bbcfddb-2edc-4fc0-b8a4-f342514b9f20">ndla.no/nb/subject:19/topic:1:186579/topic:1:176287/resource:1:24927?filters=urn:filter:8bbcfddb-2edc-4fc0-b8a4-f342514b9f20</a> Nedlastingsdato 20.01.2021.
<b>Informasjon om oppgaven</b>	Du skal svare på oppgaven i del A. I del B er det fire oppgaver, og du skal svare på én av dem. Bruk linjeavstand 1,5 og skriftstørrelse 12.
<b>Informasjon om vurderingen</b>	Se eksamensveiledningen med kjennetegn på måloppnåelse til sentralt gitt skriftlig eksamen. Eksamensveiledningen finner du på Utdanningsdirektoratets nettsider.

## Bokmål

Du skal svare på oppgaven i del A og på én av oppgavene i del B. Legg merke til at det står en kommentar under hver oppgaveinstruks. Kommentaren er til hjelp for å løse oppgaven.

### Del A Kortsvarsoppgave

Svaret bør ikke være på mer enn cirka 250 ord.

Vedlegg:

- *Sangen om den røde rubin* av Agnar Mykle, 1956, utdrag

Hovedpersonen i romanen *Sangen om den røde rubin* heter Ask Burlefot. I dette utdraget møter vi Ask og en ung kvinne en natt i en park.

Gjør greie for hvordan ulike virkemidler blir brukt for å skildre hvordan Ask har det.

Kommentar: I svaret ditt skal du vise til konkrete eksempler fra teksten og bruke relevant fagspråk.

### Del B Langsvarsoppgaver

Skriv nummeret på den oppgaven du velger, og lag overskrift selv.

#### Oppgave 1

Vedlegg:

- «Det lysnet i skogen» av Jørgen Moe, 1850
- «Byen» av Sigbjørn Obstfelder, prosadikt fra 1893

Sammenlign de to vedlagte tekstene, og sett dem inn i en kulturhistorisk sammenheng.

Kommentar: Du skal skrive om både form og innhold og vise kunnskap om tiden de er skrevet i. Bruk eksempler fra tekstene når du skriver.

## Oppgave 2

Vedlegg:

- «Språk og makt» av Kjell Ivar Vannebo, utdrag fra leder i *Språknytt* 3–4/2004
- «Vi sitter fast i et hierarki der menn rangeres høyere enn kvinner. Pass på ordene dine!» av Helene Uri, kronikk i *Aftenposten* 8. mars 2020
- «det främmande språket» av Thomas Marainen, fra den tospråklige antologien *Viidát: divttat Sámis / Vidd: dikter frå Sápmi*, 2006
- *Og* av Verónica Salinas, 2016, utdrag

De vedlagte tekstene viser at måten språk blir brukt på, kan gi makt, men det kan også føre til maktesløshet.

Ta utgangspunkt i teksten av Kjell Ivar Vannebo, og skriv en resonnerende tekst der du reflekterer over sammenhengen mellom språk og makt. Bruk eksempler fra minst to av de andre vedleggene.

Kommentar: Det skal komme tydelig fram av svaret ditt at du bruker de vedlagte tekstene, men du kan velge hva du vil legge mest vekt på. Du skal bruke relevant kunnskap og vise evne til refleksjon.

## Oppgave 3

Vedlegg:

- «Vi ere en nasjon vi med» av Henrik Wergeland, 1841, utdrag
- «Nasjonalitet» av Aasmund Olavsson Vinje, 1860
- *Eg snakkar om det heile tida* av Camara Lundestad Joof, 2018, utdrag

De vedlagte tekstene uttrykker ulike sider ved nasjonalitet og tilhørighet. Skriv en kreativ tekst der du utforsker denne tematikken.

Kommentar: Oppgaven åpner for ulike løsninger. Det skal komme fram at du har brukt tekstvedleggene, men du kan bruke dem på ulike måter i svaret ditt. Du kan vise kreativitet gjennom de innfallsvinklene du velger, og måten du bruker språket på.

## Oppgave 4

Vedlegg:

- «Smartie» av Laura Djupvik, 2020

Tolk novellen.

Kommentar: Du skal skrive om både form og innhold i novellen. Du skal bruke relevant fagspråk og konkrete eksempler fra teksten.

# Sangen om den røde rubin

Og så går natten mot sin død, noe holder på å visne i deres hjerter, trette av å snakke, trette av å spasere, trette av å sitte, trette av å røke, natten er iferd med å dø. Den hele natt i parken har han lyttet, lyttet med hver fiber av sitt vesen, lyttet etter det minste tegn hos henne på en følelse som går ut over kameratslighet.

En følelse av grusom panikk griper ham. Nu, tenker han. Nu. Marken seiler bort under hans føtter. Han føler den svimlende dødsangsten krype opp over seg, han må bite tennene sammen for at de ikke skal klapre.

Han våger det ikke.

Men han vil gjøre et indirekte forsøk. Med øyne som ser rett frem (for hun må ikke se hans øyne) spør han, og han retter spørsmålet til den makt i verden som kan bevirke mirakler:

«Eh – det hadde vært morsomt, om vi kunne – jeg mener, om du også kunne ta deg en tur til Paris til sommeren ...»

Ordene blir hengende i luften, han vet ikke om han har sagt for meget eller for lite, han vet ikke om hun nu har forstått. Hjertet begynner å dunke i ham, en ulidelig angst overfaller ham, hans lepper blir stramme og hvite, hans strupe snøres sammen, han stammer:

«... om vi kunne møtes, mener jeg, og – eh – gå ut sammen, en gang ...»

Han hadde ment å ro seg tilbake, inn under stranden hvor vannet er smult og stille; isteden føler han det nu, som om han ved en ubesindig manøvre har styrt seg helt ut, ut på det nådeløse dypet hvor mannen er fortapt, hvor han er alene under Guds øye, hvor mannen må møte sin skjebne alene. Det svar hun nu gir ham, vil være et svar, avgjørende for alle tider, et svar uten appell.

Tiden blir tom.

Det er som om universet blir en klokke omkring ham, en umåtelig klokke av ørtynt krystall. Det suser i hans ører, en hvisken inne i den store klokken. Det første ord vil bringe klokken til å splintres; det første ord vil få hans verden til å eksplodere i en sky av glasstøv.

Han holder pusten.

Så kremtet hun stille. Han grep hendene om benkens riflete sete, tiden og natten vendte tilbake. Så hørte han hennes stemme.

«Det er bare dét,» sa hun (og da visste han), «at jeg har så skrekkelig meget å gjøre på atelieret.»

«Ja,» sa han.

«Må ta meg litt av mine foreldre også,» sa hun, «de har sett så lite til meg det siste året.»

«Ja,» sa han.

«Ikke har jeg råd til noen Paristur heller,» sa hun; hun snudde seg mot ham, de små smilerynkene sprang frem ved neseroten.

«Nei,» sa han. «Nei, det er vel så.»

Av Agnar Mykle, 1956. Utdrag frå/fra romanen.



# Det lysnet i skogen

Det lysnet i skogen, da ilte jeg frem,  
snart stod jeg, hvor bakkestupet skrånet.  
Jeg så den vide bygd, jeg så mitt kjære hjem,  
jeg så, hvor de fjerne åser blånet.  
Jeg så de brede fjorder, der skar seg inn i bukt,  
og elven så jeg blinke og krumme seg smukt –  
jeg lengtes til de sollyse sletter.

Og dog var det atter, som den sukkende li  
ville vennlig holde meg tilbake, –  
som om den bak meg hvisket: Forlater du min sti,  
for ned i folkevrimmelen å drage?  
Akk, skogen og fjellvannet hadde i mitt sinn  
for første gang suset sin vemodstanke inn –  
og siden jeg glemmer den vel aldri.

For ofte, når jeg går i den myldrende by,  
i de bonede, skinnende saler,  
den samme hvisken lyder så bønnlig, så bly  
langt borte fra min barndoms grønne daler.  
Da griper meg en lengsel til skog og til fjell,  
jeg hører atter bjeller og lurlokk ved kveld,  
og sus gjennom skjeggete graner.

Av Jørgen Moe, 1850. Språkleg/Språklig modernisert.

**bly:** blyg, sjenert

**lurlokk:** tone som ein/en blåser på instrumentet lur, som blei/ble brukt til å samle dyra om kvelden

# Byen

Jeg bor i fjellet. I uker har jeg ikke sett et menneske, ikke hørt min egen røst. Jeg hører meg selv tenke, mens tjernet skvulper.

Røde skyer drar forbi. Det mørknes, fjellvannet blir sort, lommen skriker.

Der farer en angst igjennom meg. Hvor er de nå, alle? Hva gjør de? Lever de ennå? Lever mine brødre, menneskene?

Og fjellet blir plutselig så isnende kaldt. Det har intet hjerte.

Jeg må ned, bak den borteste blåne, sønnenfor de brede sletter, der hvor hjerter slår, der hvor tusener hjerter slår i kor.

Jeg iler til dalen, jeg gjemmer meg i kupeen. Hele natten pruster jernvognen, lyner av sted i mulm og mørke, gjennom lange, dype daler, over brede sletter.

Neste aften står jeg på den stenlagte gate. Der er ingen skog lenger, men hus og hus og vinduer, ingen sus gjennom blader, men surring av vogner, larm av utallige føtter.

Langt borte hører jeg et forferdelig skrik. Hvem lider?

Jeg løper etter skriket. Og jeg hører ut fra åpne vinduer en brølende røst:

«Forferdes, I menn og kvinner, I råtne kar, Eders skittenhet er verre enn øglers, Eders synder er utallige som havets sand.» --

Angst løper jeg videre. Jeg kommer forbi et hus, hvor der er mange mennesker. Jeg ser dem sitte langs veggene, de snakker ikke til hverandre, de smiler ikke til hverandre.

Og jeg blir mer og mer angst. Jeg kommer forbi dansebuler med menn og kvinner, som sparker hverandre til blods.

Er dette mine brødre, menneskene?

Jeg løper videre og videre. Jeg blir mere og mere angst. Ingen taler til hverandre, ingen smiler til hverandre. De farer av sted, som var de pisket, og ut fra de små hus hører jeg gråt og hulking, bak meg gråter det, gråter, gråter ...

Og omsider går det opp for meg, omsider ser jeg det: De er vanvittige, de piskes av sin egen skygge. Og jeg ser meg om, jeg ser på deres øyne, deres miner, deres iling og løping:

Ja, de er vanvittige, de er vanvittige.

Av Sigbjørn Obstfelder, 1893. Språkleg/språklig modernisert

I, **Eder**: de, dykkar / dere, deres

**kar**: behaldar/holder

# Språk er makt

Den norske språkstriden kan òg sjåast på som ein kamp om makt; det har vore ein kamp om språket mellom sosiale og regionale grupper. Språkkampen kan òg vere ein kamp mellom ulike etniske grupper, mellom majoritetar og minoritetar, mellom kjønna, mellom ekspertar og lekfolk – og av og til òg på det individuelle planet – mellom deg og meg. Når språk gir makt, er det bl.a. fordi sjølve språkforma blir assosiert med førestillingar om kva som blir sett på som relevant eller irrelevant, som korrekt eller feil.

Av Kjell Ivar Vannebo. Utdrag frå/fra artikkel i *Språknytt* nr. 3–4/2004.  
Til nynorsk ved Utdanningsdirektoratet.

**lekfolk:** ufaglærte personar/personer

## Vi sitter fast i et hierarki der menn rangeres høyere enn kvinner. Pass på ordene dine!

Vi sitter fast i et hierarki, der menn rangeres høyere enn kvinner. Derfor er det en god ting for en kvinne å bli omtalt som en mann, men negativt for en mann å bli omtalt som en kvinne. At vi er preget av dette hierarkiet, avsløres gjennom hverdagspråket. Hvis vi vil utfordre dette, må vi ikke glemme språket. [...]

Da yrkesbetegnelsen *helsesøster* ble endret til *helsesykepleier* i 2019, fikk studiet tre ganger så mange mannlige søkere, sammenlignet med året før. Om det hadde en sammenheng med navneskiftet, vet jeg ikke. Jeg gjetter ja. Et ord er aldri «bare» et ord. I ordene ligger makt og avmakt. Derfor skal vi passe på hvilke ord vi bruker.

Av Helene Uri. Utdrag frå/fra kronikk i *Aftenposten* 8. mars 2020.

## det främmande språket

**Thomas Marainen er ein samisk diktar frå Sverige. Diktet er opphaveleg skrive på samisk. / Thomas Marainen er en samisk dikter fra Sverige. Diktet er opprinnelig skrevet på samisk.**

det främmande språket  
sliter  
knäcker tungan  
kväver  
dämmer upp  
flödet

modersmålet alltid närmast hjärtat

Av Thomas Marainen, 2006. Frå/fra antologien *Viidát: divttat Sámis / Vidd: dikter från Sápmi*.

**kväver:** kveler  
**dämmer upp:** demmer opp  
**flödet:** flyten (i språket)

## Og

**Romanen *Og* handlar om ein eg-person som er ny i Noreg. Kvardagen er prega av rutinearbeid og språkkurs. Sagnaden etter heimlandet Argentina er stor, men det er umogleg for henne å reise tilbake. / Romanen *Og* handlar om en jeg-person som er ny i Norge. Hverdagen er preget av rutinearbeid og språkkurs. Savnet etter hjemlandet Argentina er stort, men det er umulig for henne å reise tilbake.**

Jeg går på norskkurs. Det er mange andre som meg her. Fra Polen, Japan, Tyrkia og Pakistan.

Jeg ser på dem, tenker nå må jeg si noe, men så sier jeg ingenting.

Alle tankene stopper, og alt er stille inni meg.

Nå må du prøve å si noe, sier jeg til meg selv. Så spør jeg hun som heter Monika:

– Har du det bra?

– Ingenting er lett, sier Monika.

[...]

Fortell om deg selv, Monika, har jeg lyst til å si.

Men å si hvem du er krever mange ord.

Ord hun ikke har.

Ord jeg ikke har.

Vi bare sitter og er stille.

Av Verónica Salinas, 2016. Utdrag.

## Nasjonalitet

Vi meiner og trur det gjævaste er  
å vera ein Noregs mann.

Ja, denne heimen oss fyrst er kjær;  
men vita vi må, at den store verd  
er berre vårt store fedreland.

Dei største tankar vi alltid får  
av verdsens det store vit;  
men desse tankar dei brytast må,  
lik strålar av sola som alltid får  
i kvar si bølge ein annan lit.

Av Aasmund Olavsson Vinje, 1860. Språkleg/språklig modernisert.

**vit:** klokskap

**lit:** farge (let)

## Vi ere en nasjon vi med (Småguttenes nasjonalsang)

Vi ere en nasjon vi med,  
vi små en alen lange:  
et fedreland vi frydes ved;  
og vi, vi ere mange.  
Vårt hjerte vet, vårt øye ser,  
hvor godt og vakkert Norge er,  
vår tunge kan en sang blant fler  
av Norges æressange.

Mer grønt er gresset intetsteds,  
mer fullt av blomster vevet,  
enn i det land, hvor jeg tilfreds  
hos far og mor har levet.  
Jeg vil det elske til min død,  
ei bytte det, hvor jeg er født,  
om man et paradys meg bød,  
av palmer oversvevet.

Av Henrik Wergeland, 1841. Språkleg/språklig modernisert.

**ere:** er (gammal fleirtallsform / gammel flertallsform)

## Eg snakkar om det heile tida

Eg har brukt mykje tid på å insistere på norskheita mi. På å forsvare tilhørsla mi. At eg eig den, like mykje som eg eig retten til å gå kledd i kva eg vil, kvar eg vil. Når folk spør meg kvar eg kjem frå, misforstår eg med vilje. Eg svarer Sandefjord. Og når dei spør kvar eg eigentleg kjem frå, så svarer eg Bodø. At eg er fødd i Bodø. Og eg seier det med brei dialekt. Når dei så ristar forvirra på hovudet og seier: Å, nei, men kvar ... så seier eg:

Å, du lurar på kvifor eg er brun?

Og ubehaget er til å kjenne på.

Nei, nei, det var ikkje det.

Jo, insisterer eg, du lurar på kvifor eg er brun. Om det ikkje var det du lurte på, så ville du godtatt svaret eg gav deg tidlegare. Du ville godtatt begge svara. Eg er brun fordi far min er fødd i Banjul, Gambia. Og mor mi er fødd i Mosjøen, Noreg.

Eg gjer meg vanskeleg fordi eg synest det er vanskeleg å få det same spørsmålet om og om igjen. Det kjennest som eg har dei same samtalanane om og om igjen. Eg snakkar om dei same tinga heile tida.

Av Camara Lundestad Joof, 2018. Utdrag.

# Smartie

Ho hadde sett ein hund. Hunden hadde eit melankolsk uttrykk og raudbrun og kvit pels, ho fekk vite at det var ein welsh springer spaniel. Ho googla hunderasen og studerte bileta på skjermen. Då mannen kom heim, viste ho han hunden, la hovudet på skakke slik ho alltid gjorde når det var noko ho ønskte seg, og sa: Kan vi ikkje få oss ein slik?

Til det vesle rekkehuset hørde det ein inngjerda hage, og like ved låg ein stor og romsleg park der folk dagleg lufta hundane sine. Det tok ikkje lang tid før også han ønskte seg ein hund. Ja, for ville det ikkje bli fint med ein hund? Dei ringde til oppdrettarar og fekk vite at hunderasen var populær og ventelistene lange.

– Alle vil visst ha akkurat den hunden vi vil ha, sukka ho. Eit par veker seinare fekk han, gjennom ein kollega, vite om ein welsh. Det var ein hohund, berre tre år gammal. Familien til hunden var ramma av fleire ordinære, men grufulle hendingar, som sjukdom og skilsmisse. Og no trong hunden ein ny heim. Han fortalde det til henne om kvelden, dei sat i sofaen, ho krølla seg saman, og han lo litt. Det var litt av eit samantreff, tenk, akkurat ein slik ho hadde ønskt seg. Dei kunne til og med få hunden gratis om dei lova å ta godt vare på han.

Hunden vart levert ein ettermiddag. Eigaren og dottera hans kom køyrande i ein mørkeblå og ganske skiten Toyota. Dottera lente seg mot faren då han gav frå seg hundebandet. Dei hadde også med to matskåler, ein pose med favorittgodteriet, tørka småbitar av svinekjøtt, eit rutete teppe og eit hundebur til å ha i bilen.

– Ho heiter Smartie, med ie til slutt, sa jenta og reinska stemma. Faren hadde klødd Smartie bak øyret før han nikka eit farvel og gjekk og sette seg i bilen. Jenta klemde lenge på Smartie før ho bøygde seg ned, løfta på det eine hundeyret og kviskra nokre ord. Så storma ho ut døra.

Smartie peip litt.

Dei sette seg begge på huk framfor Smartie. Dei strauk henne varsamt over pelsen og snakka med roleg og mild stemme.

– Så godt du luktar, sa ho.

– Du er nydeleg, sa han.

Smartie såg på dei begge etter tur, det var eit sjarmerande og utforskande blick. Ho slutta snart å pipe, fann matskåla som dei hadde fylt med vatn, drakk litt og rulla seg så saman på teppet, som om ho forstod at dette var den nye heimen og det var like greitt å falle til ro med ein gong.

Då dei la seg om kvelden, sa ho at ho ikkje likte namnet, Smartie. Han lo litt, men var ikkje overraska. Ho var typen som ville kalle opp eit dyr etter ein kjend kunstnar eller eit eksotisk krydder, men han meinte bestemt at sidan Smartie no hadde flytta og fått nye eigarar og ny stad å bu, så burde ho i det minste få halde på namnet sitt. Ho gav seg.

Etter ei tid begynte ho likevel å kalle hunden for Wolf. Ho hadde alltid drøymt om å ha ein hund med namnet Wolf, sa ho.

– Kvifor kan ho ikkje berre heite Smartie? sa han. Dei var på veg ut for å møte eit

vennepar på ein restaurant, og ho hadde nett bedt han om å ta på seg ei finare skjorte.  
– Du er så fin med den blå.

Han gjorde som ho sa, og fekk den følelsen igjen, av å vere med på eit prosjekt ho hadde, som ein draum ho heile tida streva med å få oppfylt.

Under middagen venta han med å velje rett til ho hadde bestemt seg, han registrerte dette no, at ho hadde idear og meiningar om kva som passa, og kva som var godt, både for han og for henne. Han hadde ikkje noko imot det, ja, når han vart spurdt, var han slett ikkje sikker på om raudvin smakte best til akkurat denne typen fisk, eller om det var ho som meinte det.

Han var sliten då han kom heim, sette seg i sofaen. Smartie kom tuslande bort til han, heilt inntil leggen. Ho lente hovudet mot kneet hans, og han strauk over det vesle hovudet hennar, klødde henne bak øyret.

– Smartie, sa han, – fine, fine Smartie.

Å få hund snudde verkeleg om på ting. Han reiste seg og gjekk mot utgangsdøra med Smartie diltande etter, sette på henne hundebandet og vandra ut i kvelden.

Vi veit sjølvsagt ikkje kva Smartie sjølv tenkte om å skifte namn, men ut ifrå observasjonane lydde Smartie namnet Wolf når det innebar å få godbitar, elles ikkje. Han heldt fram med å kalle på Smartie, og Smartie kom springande til han, også når han ikkje hadde godbitar. Smartie sette seg framfor han, såg på han med det aldri vikande blikket. Han meinte å kunne skimte ein djup lojalitet der, noko som gjorde han modig og vaken.

Han hadde hengt den blå skjorta inst i skapet, og den eine gongen dei hadde vore ute den siste månaden, drakk han øl til maten. Han gjorde ting saktare no, noko som antakeleg irriterte henne, utan at ho sa frå. Han venta heller, drog litt på det.

Det vart sommar og varmt. Dei gjekk lange turar med Smartie. Først gjennom parken, som no var fylt av barn som lærte seg å sykle, ungdommar som hang rundt omkring, og kjærastar som studerte utsmykkingar før dei sette seg på ledige benkar. Dei gjekk vidare langs elva, til dei kom til eit friområde der dei let Smartie springe fritt. Det var noko anna mellom dei no, ei stemning han ikkje hadde kjent før, ikkje kulde, ikkje hat, ikkje sinne, det var som om ho hadde gitt opp noko. Og det måtte vere årsaka til likesæla som rådde mellom dei. Han var usikker på kva han følte, han vart ståande og nyte synet av Smartie som sprang i ein sirkel rundt dei to. Det glinsa i pelsen, ho tok seg heilt ut, og då det var på tide å rope henne inn, tok han først fram ei flaske vatn og den samanleggbare turskåla frå sekken. Han retta ryggen for å kalle på hunden, då han høyrde henne, lyst og optimistisk, rope:

– Wolf, kom då, Wolf!

Han forstod at det var han ho hadde gitt opp, ikkje hunden.

Wolf lydde ikkje. Smartie forstod, såg det ut til, at ho ropte på ein heilt annan hund, ein hund som ikkje fanst. Og at denne andre hunden heller ikkje hadde noko lyst til å finnast.

Av Laura Djupvik. Frå/Fra novellesamlinga *No fær huset*, 2020.

### TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGÅVA:

- Start med å lese oppgaveinstruksen godt.
- Hugs å føre opp kjeldene i svaret ditt dersom du bruker kjelder.
- Les gjennom det du har skrive, før du leverer.
- Bruk tida. Det er lurt å drikke og ete undervegs.

**Lykke til!**

### TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGAVEN:

- Start med å lese oppgaveinstruksen godt.
- Husk å føre opp kildene i svaret ditt hvis du bruker kilder.
- Les gjennom det du har skrevet, før du leverer.
- Bruk tiden. Det er lurt å drikke og spise underveis.

**Lykke til!**